



Statsråd Monica Mæland
Statsråd Jan Tore Sanner

Dato: 11.11.2016

Vår ref.: 2016/34147-1

Saksbehandlar: hanglop1

Pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel

Eit viktig premiss for å etablera ein eventuell ny Vestlandsregion er eit positivt vedtak i Stortinget. Dei tre fylkeskommunane har så langt ein god dialog, og det er signert intensjonsavtaler om samanslåing. No har også LO og NHO i dei tre fylka gjeve svært tydelege signal på at dei støttar opp om eit tettare samarbeid. Som ein del av det vidare arbeidet med å førebu ein ny Vestlandsregion ynskjer vi difor å foreslå oppretting av eit pilotprosjekt for å vidareutvikle og samordne statleg- og regional verkemiddelbruk i forhold til den framtidige regionen.

Regional utvikling krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Gode resultat krev kunnskap og god koordinering frå verkemiddelaktørane. Det er også viktig at oppgåvedelinga mellom det statlege- og regionale verkemiddelapparatet er klår og oversiktleg.

Dei ulike regionale- og statlege styringsmodellane er i dag kompliserte og fragmenterte for samfunns- og næringsliv, og det er stort behov for meir effektiv og føreseieleg forvaltning i ein regionmodell. Eit pilotprosjekt på Vestlandet vil vere eit viktig innspel til utvikling av «beste praksis» for fleire regionar. Målet er at Vestlandet skal blir meir enn summen av tre fylkeskommunar. Gjort på rett måte vil ein ny regionmodell med koordinert portefølje av verkemiddel også bli eit viktig verktøy for å vidareutvikle velferdssamfunnet gjennom fortsatt vekst i sysselsetting og verdiskaping.

Ambisjonsnivå

Grunnlaget for eit slikt pilotprosjekt må avklarast gjennom eit forstudie. Her kan ein avklare handlingsrom, og ikkje minst ambisjonsnivå, for ein pilot knytt til samordning og overføring av oppgåver. Vi vil foreslå eit pilotprosjekt langs desse aksane:

- Samordning av verkemiddel ved at Vestlandet tek ei politisk/strategisk rolle, og/eller overtak fullt det operative forvaltingsansvaret for verkemiddelbruken
- Samordning av økonomiske verkemiddel (til dømes næringsretta virkemiddel eller på kulturfeltet) versus samordning av forvaltningsmessige verkemiddel (til dømes Plan og bygningslov, Kulturminnelov).

Det er viktig for oss at eit slik pilotprosjekt må ha ei breiare tilnærming enn berre næringsfeltet. Prosjektet bør også omfatte forvaltingsoppgåver innafor kultur, opplæring og forsking.

Unytta potensial

Vestlandet er i dag leiande på verdiskaping, men regionen har også eit stort unytta potensial når det gjeld å realisere nasjonale ambisjonar om vidare omstilling. For at Vestlandet skal utvikla ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det viktig at bransjar der regionen har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft har særskilt fokus. Vestlandet er i tillegg

ein sentralt utgangspunkt for auka verdiskaping i «havrommet», og omstilling i høve til berekraft og miljø. Ved å reindyrke og koordinere regionale oppgåver slik at dei regionale- og nasjonale verkemidla får maksimal relevans og effekt, vil det vera mogleg å leggja eit godt grunnlag for vekst i framtidig sysselsetting og verdiskaping.

Forslag til rammer for vidare arbeid

Det vert foreslått etablert eit samarbeid mellom statleg nivå og dei tre fylkeskommunane om å avklare rammene for ein pilot gjennom eit forstudie. Vidare blir det forsøkt å etablere ein konkret pilot så snart som mogleg. I praksis vil dette hengja saman med dei tre fylkestinga si handsaming av «Intensjonsplan for ny Vestlandsregion» i desember 2016. Framdrifta deretter er skissert under:

- Eit godt forankra forstudie vil avklare korleis oppgåvene til det statlege og regionale verkemiddelapparatet kan samordnast og koordinerast på ein betre måte. Pilotprosjektet vil særleg vurdere samordning av oppgåver innan innovasjon, forsking og innovasjonsretta infrastruktur. Døme på andre felt kan vere regionale tema innan landbruk, mat og bioøkonomi generelt, miljø/klima, kultur og utdanning. Forstudiet vil vidare vurdere i kva form ei slik samordning kan skje, og kva politiske og administrative styringsverktøy som må endrast/etablerast. Tenkt framdrift for det vidare arbeidet kan bli som følgjer: **Mandat – innan 31.01.17**. Etablera felles mandat for eit forstudie.
- **Forstudie – innan 30.06.17:** Val av verkemiddel for regional koordinering, type og omfang. Forslag til etablering av politisk og administrativ organisering og avgjerdssystem. Avklare samarbeid og fordeling av oppgåver mellom statlege- og regionale organ. Forankring av oppgåvene.
- **Avklaring og formelle vedtak innan 31.12.17.** Forankre forslaga og gjera naudsynte vedtak på regionalt og statleg nivå. Konkretisere forslaget i budsjett og planar på begge nivå.
- **Pilotfylke 1 – Første halvår 2018:** Etablering av pilot- og prøveordningar på vedtekne område. Koordinere med eksisterande verkemiddel.
- **Evaluering – innan 30.06.19** Gjennomføre evalueringar og vurderingar for å nytte desse i samband med innføring av regionreforma frå januar 2020.

Vi håpar de finn forslaget interessant og vil ta dette opp i regjeringa. Dei tre fylkeskommunane er klar til å starte dette arbeidet så raskt som det er praktisk mogleg.

Med helsing

Jenny Følling Fylkesordførar Sogn og Fjordane fylkeskommune	Anne Gine Hestetun Fylkesordførar Hordaland Fylkeskommune	Solveig Ege Tengesdal Fylkesordførar Rogaland fylkeskommune
---	---	---

Kopi:

Kulturminister Linda Hofstad Helleland
Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen
Rogalandsbenken på Stortinget
Hordalandsbenken på Stortinget
Sogn og Fjordane-benken på Stortinget